

Noreq feirar 100 tilsette i Uskedalen

02.08.2012

Sidan starten i 2006 har Noreq fått 100 tilsette og passeringa av denne mileplen blir markert i Uskedalen laurdag. Det som var eit okalt firma med kontor på Husnes er no eit internasjonalt konsern med kontor i 8 land. Den formidable veksten skuldast både driftigheit og dristigheit, seier ein i bransjen som ikkje er ansatt i firmaet.til.uskedalen.no

Noreq vil halda vorspiel på Systrene Nilsen frå 15 til 16.30
Dei fyrste 100 som kjem vil bli påstandert nokre glas opplysar
marknadssjef Bjørn Sture Hillestad.

Det er i høve jubileet lodda ut to tandemhopp med fallskjerm og det eine blir det konkurrans om i Uskedalen

Noreq har opp gjennom åra - men ikkje i år - vore hovudsponsor for
Festidalen og hatt ei positiv og kanskje avgjerande rolle for festivalen.

Av Ola Matti Mathisen